



Detaljreguleringsplan for gang-/sykkelveg FV 48 – Herøysundet

Reguleringsføresegner datert 24.08.18

Detaljregulering jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-7

Plan-id 1224 20170002

1. Siktemålet med planen

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av ny gang- og sykkelveg langs Fv. 48 i Herøysundet. Planen legg til rette for noko utbetring av Fv. 48, sanering av fleire eksisterande avkøyrslar og etablering av nye tilkomstveger og kollektivhaldeplassar. Målet er å betre trafiktryggleiken for gåande og syklande i området.

Utfyllande opplysingar går fram av planomtalen datert 24.08.18.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Terrenghandsaming og vegetasjon

Alle terrenginngrep skal skje på ein mest mogleg skånsam måte i høve til omgjevnadene. Skjeringar og fyllingar skal rundast av og verte tilpassa tilgrensande terreng, og revevegetast med stadeigen vegetasjon. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt råd er. Det skal ikkje nyttast artar i kategorien høg risiko og svært høg risiko på lista over framande artar i plantevalet.

2.2 Automatisk freda kulturminne

Dersom det vert oppdaga funn, gjenstandar eller konstruksjonar i samband med gravearbeid skal arbeidet stansast omgåande og rett kulturminnemynde varslast, jf lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

2.3 Byggjegranser langs offentlig veg

Der byggjegranser ikkje er vist i plankartet, gjeld veglova sine føresegner som byggjegranser mot veg.

2.4 Krav om byggjeplan

Før utbygging av veganlegget kan starte opp, skal det liggje føre ein byggjeplan med utgangspunkt i teknisk plan datert 26.08.2018 og Statens vegvesen sine handbøker og retningslinjer.

2.5 Plan for Ytre Miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan). YM-planen skal liggje føre saman med byggjeplan for veganlegget. Tiltakshavar skal sørge for at tiltak som er skildra i plan for ytre miljø (YM-plan) vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga, og at YM-planen vert oppdatert ved behov. YM-planen skal godkjennast av Statens vegvesen før anleggsstart.

2.6 Rigg- og marksikringsplan

Tiltakshavar skal sikre at det ligg føre ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg- og marksikringsplanen skal godkjennast av Statens vegvesen før anleggsstart. Rigg- og marksikringsplanen skal bl.a. gje føringar for følgjande tilhøve:

- Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdselsårer for friluftsliv.
- Massehandtering, inkludert handtering og lagring av jordmassar som skal nyttast til revegetering i anlegget.
- Tiltak for å minimere risiko for spreiding av framande artar.
- Sikring av større trær som skal takast vare på
- Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsetast i rigg- og marksikringsplanen og merkast fysisk med alpingjerde i anleggsfasen.

2.7 Vern mot ureining

Det skal leggjast vekt på at ureina vatn, partikkelureining ikkje vert slept ut i bekker og vatn. Byggjeplanen skal omtale løysing for handtering av ureining i anleggsfase og driftsfase. Eventuelle ureina massar skal leverast til godkjend mottak.

2.8 VA-rammeplan

VA-rammeplan for området, datert 28.02.2018, skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og byggjeplan for veganlegget.

2.9 Tilgjenge

Prinsippet om universell utforming skal i størst mogleg grad ligge til grunn ved prosjektering av veganlegget.

3 Føresegner til arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§12-5 nr.1)

3.1.2 Bustader (B)

- a. Område B er eksisterande bustadeigedomar som inngår i reguleringsplanen.
- b. Føresegner i opphavleg reguleringsplan eller kommuneplanens arealdel er gjeldande.

3.1.3 Forretning/kontor (BKB)

- a. Område BKB er eksisterande næringsseigedomar som inngår i reguleringsplanen.
- b. Føresegner i opphavleg reguleringsplan er gjeldande.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- a. Anlegga skal utførast som vist i planteikning og i tekniske teikningar. Mindre avvik mellom underformål kan tillatast innanfor arealformålet.
- b. Innanfor arealformåla kan det etablerast konstruksjonar og naudsynte tekniske anlegg og installasjonar, etter gjeldande tekniske krav. Alle anlegg skal ferdigstillast samtidig med ny gang- og sykkelveg langs Fv. 48.
- c. Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eigedomane skal ha avkøyrslar frå er bindande. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming, og godkjennast av rette vegstyresmakt før bruk.
- d. Bruer over bekker/elver som er vist i plankartet er retningsgivande for plassering. Bruer og kulvertar skal dimensjonert for minimum 200-årsflaum med klimapåslag.
- e. Garasje i område SVG, f_SV28 og LS22 skal rivast. Retningsgivande plassering av ny garasje er gjeve i plankartet.

3.2.2 Veg (SV)

- a. Område SV er private tilkomstveger og område f_SV er felles tilkomstveger for eigedomane som har rettigheter knytt til vegen, anten som gjeldande rett eller som regulert i plankartet.
- b. Område o_SV er offentlege veger.
- c. Område f_SV2, f_SV3, f_SV4, o_SV9, f_SV10, f_SV12, o_SV14, SV15, f_SV16, f_SV18, SV19, SV20, SV21, f_SV22, f_SV23, o_SV26 og o_SV27 er eksisterande og utbetra veger.
- d. Område f_SV1, f_SV5, SV6, SV7, f_SV8, SV11, f_SV13, SV17, f_SV24, f_SV25, f_SV28, o_SV29, f_SV30, f_SV31 er nye veger med kopling til eksisterande veger.

3.2.3 Køyreveg (SKV)

- a. Område o_SKV1-2 er eksisterande og utbetra Fv. 48 som er regulert til offentlig køyreveg.
- b. Eksisterande og nye busslommer inngår i arealet.

3.2.4 Fortau (SF)

- a. Område o_SF6 er eksisterande og forlenga offentlig fortau.
- b. Område o_SF1-5 er nytt offentlig fortau.

3.2.5 Gang- og sykkelveg (SGS)

- a. Område o_SGS1-5 og o_SG7-10 er ny offentlig gang- og sykkelveg langs Fv. 48.
- b. Område o_SGS6 er ny offentlig gang- og sykkelveg som er kopla til gang- og sykkelveg langs Fv. 48 og gangsti mot skule.

3.2.6 Gangveg/gangareal (SGG)

- a. Område o_SGG1 er ny offentlig gangveg/gangareal som skal kople o_SGS2 til o_SKV1.
- b. Område o_SGG2 er eksisterande tilkomstveg som er regulert til offentlig gangveg/gangareal.
- c. Område o_SGG3-4 er eksisterande offentlig gangveg/gangareal.

3.2.7 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

- a. Område SVG er annan veggrunn langs Fv. 48, ny gang- og sykkelveg og tilkomstveger. Areal skal nyttast til fyllingar, skjeringar, rekkverk, murar, grøfter m.m. Det kan innanfor areala plasserast veglys, nettstasjonar, rør, konstruksjonar og anna teknisk infrastruktur som høyrer til veganlegget. Areal skal ved ferdigstilling av veganlegget såast til og behandlast på ein tiltalende måte.
- b. Leskur for buss kan plasserast innanfor formålet SVG med kopling til fortau og busslommer.

3.2.8 Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear (SKF)

- a. Område o_SKF1-7 er offentleg kombinert formål gang- og sykkelveg og veg.

3.3 Grønstruktur (§12-5, nr. 3)

3.3.1 Turveg (GT)

- a. Område o_GT er ein del av Den Stavangerske Postveg. Turvegen skal koplast til Fv. 48 (o_SKV1).

3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert å ressursgrunnlaget på garden (L)

- a. Område regulert til L sikrar dagens bruk av areala.
- b. Eksisterande bygg i området som inngår i planen er vist i reguleringsplankartet.
- c. Føresegner i kommuneplanens arealdel er gjeldande for områda.
- d. Ny landsbruksveg gjennom L10 er gjeve retningsgivande plassering i plankartet.

3.4.2 Naturformål av LNFR (LNA)

- a. I område LNA1-2, skal deler av bekk/elv leggjast om.
- b. Bekke-/elvelaupa skal vere ope fram til kryssing av veger og gang- og sykkelveg, og utformast til å handtere minimum 200-årsflaum med klimapåslag. Utforminga skal gjerast på ein mest mogleg naturgjeve måte, som tek vare på natur- og friluftskvaliteter i vassdraget med vekt på naturlege botntilhøve, kantvegetasjon, kurver og variasjon, samt vurderingar av flaum og erosjon.
- c. Biologisk, hydrologisk og vassdragsøkologisk kompetanse må takast inn i samband med utforming av tiltaka og gjennomføringa.
- d. Utforminga skal gjennomførast som ein del av prosjekteringa for det samla veganlegget og godkjennast av NVE.

3.4.3 LNFR areal for spreidde bustader, fritidsbygningar eller næringsbygningar (LS)

- a. Område regulert til LS sikrar dagens bruk av areala.
- b. Eksisterande bygg i området som inngår i planen er vist i reguleringsplankartet.
- c. Føresegner i kommuneplanens arealdel er gjeldande for områda.
- d. Ny landsbruksveg gjennom LS10 er gjeve retningsgivande plassering i plankartet.

3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1 Naturområde (VN)

Områda VN1-10 er eksisterande bekker og elver som skal haldast ope og som ikkje skal snevrast inn ved utbygging av ny gang- og sykkelveg og tilhøyrande utbetring av veganlegg.

4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6)

4.1 Frisikt (sone H140)

Innanfor sone for frisikt skal det vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytande vegar sitt plan, jf. veglova.

4.2 Støysone (sone H210 og H220)

Raud støysone frå vegtrafikk er vist som omsynssone H210 på plankartet med skravur. Gul støysone frå vegtrafikk er vist som omsynssone H220 på plankartet med skravur. Til ein kvar tid gjeldande retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging skal nyttast.

4.3 Faresone, ras- og skredfare (sone H310)

Innanfor omsynssone for ras- og skredfare skal det gjennomførast vurdering av skredfare med tilhøyrande sikringstiltak knytt til aktuelt tiltak.

4.4 Faresone, høgspenningsanlegg (sone H370)

Høgspenningsanlegg gjeld høgspenning luftlinje kV som går langs deler av planområdet. Tiltak innanfor sona skal godkjennast av linjeeigar. Eventuell trong for omlegging av høgspenningsanlegg må handterast i samband med byggjeplan.

4.5 Bevaring kulturmiljø (sone H570)

Sona sikrar omsynet til Den Stavangerske Postveg som turveg med historisk verdi, med ei buffersone på 1 m på kvar side. Det skal ikkje gjerast inngrep eller føregå aktivitetar i området som øydelegg eller reduserer verdien til kulturmiljøet. Omsynssona skal sikrast i anleggsfasa. Dersom området vert nytta og det oppstår skadar, skal skadane reparerast og området tilbakeførast til minimum opphavelig stand samt gjevast ei estetisk god utforming. Ved restaurering og/eller reparasjon skal det vere tett dialog med kulturmynde, der planlagde tiltak skal godkjennast før iverksetting av tiltak.

5 Føresegner til føresegnområde (§ 12-7)

5.1 Anlegg- og riggområde (#1-32)

- a. I samband med opparbeiding av ny gang- og sykkelveg samt utbetring av veganlegget med tilkomstveger og sideanlegg, kan områda nyttast som anlegg- og riggområde så lenge anleggsarbeida er i gang.
- b. I anleggsperioden skal områda til ein kvar tid vere forsvarleg sikra, og ikkje føre til fare for dei som ferdast i nærområda.

- c. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at gang- og sykkelvegen er opna, skal områda gjevast arealbruk i samsvar med arealformål i plankartet og føresegner. Områda skal setjast i stand i samsvar med arealformålet, eventuelt tilbakeførast til slik dei var før inngrepet eller i samsvar med avtale med grunneigar, avhengig av kva funksjon areala skal ha.
- d. Føresegnområdet kan fjernast frå plankartet administrativt etter at anleggsperioden er over.
- e. I område #5 og #6 skal det takast særleg omsyn til tilgrensande turveg og kulturmiljø (H570).
- f. I område #31 skal det takast særleg omsyn til kulturlandskapet.

6 Rekkjefølgekrav

6.1 Før igangsettingsløyve for utbygging av veganlegg

- a. Det skal gjennomførast fagkyndig geoteknisk vurdering og grunnundersøkingar i samsvar med krava i TEK 17 og plan- og bygningslova.

6.2 Før bruksløyve for veganlegg

- a. Innanfor omsynssone ras- og skredfare skal det gjennomførast fagkyndig vurdering av skredfare med tilhøyrande sikringstiltak for aktuelt tiltak.
- b. Eksisterande turveger, gangveger og fortau skal vere kopla til veganlegget som vist i plankartet.
- c. Handsaming av terreng og tilplanting/tilsåing innanfor annan veggrunn skal vere ferdigstilt.
- d. Omlegging av bekke-/elvelaup i NA1 skal vere ferdig opparbeidd i samsvar med § 3.4.2 og YM-plan før del av gang- og sykkelveg som råkar eksisterande bekke-/elvelaup kan takast i bruk.
- e. Omlegging av bekke-/elvelaup i NA2 skal vere ferdig opparbeidd i samsvar med § 3.4.2 og YM-plan før ny tilkomstveg f_SV25 kan takast i bruk.

6.3 Andre rekkjefølgekrav

- a. Veger/avkøyrslar som i plankartet er vist som veger/avkøyrslar som skal stengast, kan ikkje stengast før tilfredstillande tilkomst til bustadene/landbruksarealet/område det gjeld er sikra.
- b. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast 1 år etter at gang- og sykkelvegen er opna, skal rigg- og anleggsområda gjevast arealbruk i samsvar med arealformål i plankart og føresegner.

7 Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

7.1 Rettleiande

- a. Tekniske teikningar (A-, B-, C-, D-, F-, GH-, J-, U-, X- og Y-teikningar) datert 26.08.18.
- b. VA-rammeplan datert 28.02.2018.